

Ørskog kommune
Sørviskontoret

Melding om vedtak

Kommunal- og regionaldept.,

Postboks 8112 Dep.,
0032 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
08/00037-6

Saksbeh:
Haldis Yksnøy, 70 27 29 02

Arkivkode:
200 &13 -

Dato:
04.02.2008

HØYRING SØRHEIMUTVALET - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNENE. VEDTAK I ØRSKOG KOMMUNESTYRE 31.01.08

Ørskog kommunestyre hadde ovannemnde sak føre i møte 31. januar 2008, K-sak 5/08 og det vart gjort slikt vedtak som vedlagde utskrift viser.

Med helsing
Ørskog kommune

Haldis Yksnøy
Haldis Yksnøy
Sekretær

Vedlegg:

1 Utskrift av K-sak 5/08 i Ørskog kommunestyre

Kopi til:

KS Postboks 1378 Vika 0114 OSLO

UTSKRIFT AV

Protokoll - Ørskog
kommunestyre

K-sak 5/08 - 31.01.08.

VEDTAK I Ørskog kommunestyre - 31.01.2008:

1. Ørskog kommune er ei lita kommune med om lag 2100 innbyggjarar. Kommunen har hatt stabilt folketal i mange år. Befolkningsprognosen fram mot år 2020 viser stabilt folketal med minimal vekst. Kommunen sitt næringsliv er prega av små bedrifter. Kommunen er den suverent største arbeidsgjeveren i kommunen. 50 prosent av alle yrkesaktive som er busette i kommunen, pendlar ut av kommunen.

Ørskog kommune er vertskommune for personar som tidlegare har vore bebuarar på institusjon for psykisk utviklingshemma. Desse bebuarane er gamle og fell frå i aukande tempo. Kommunen si rolle som vertskommune er truleg over om 5-10 år. I pakt med denne utviklinga blir kommunen sine inntekter som vertskommune kraftig trappe ned kvart år. Kommunen vil likevel ha store pensjonskostnader knytt til oppgåva som vertskommune også etter at tida som vertskommune formelt er over.

Det er 6 kommunar i Møre og Romsdal som er plassert i sone I innanfor DU-verkemiddelområdet. Det er bykommunane Molde og Ålesund og dei næraste nabokommunane til Ålesund: Giske,

Høyring. Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunene

Sula og Skodje. I tillegg kjem Ørskog som også ligg i nærleiken av Ålesund. Ørskog kommune har altså ikkje tilgang på dei regionalpolitiske verkemidlar som mange andre kommunar kan bruke for å styrkje næringslivet i kommunen. Dette er truleg medverkande til at det er avgrensa utvikling i næringslivet i Ørskog kommune.

Dersom tilrådingane i Sørheimutvalet sin rapport blir gjennomført kan dei i beste fall skape ein svært usikker og lite forutsigbar situasjon for Ørskog kommune i åra som kjem. I verste fall må Ørskog kommune på ein dramatisk måte redusere sine tenester til innbyggjarane. Kommunen vil heller ikkje i ein verste situasjon vere i stand til å etablere infrastruktur og tenester som gjer det attraktivt for bedrifter å vere eller å kome til kommunen.

2. Ørskog kommune er svært uroleg over at det blir lagt opp til avgrensa utgreiing av inntektssystemet som kan ha så store konsekvensar for einskild kommunar – og som faktisk er dei minste og mest sårbare kommunane.

3. Ørskog kommune har 88,5 millionar kroner til drift i 2008.

I følge Sørheimutvalet sin rapport vil Ørskog kommune tape om lag 7,5 millionar kroner per år utan inntektsgarantitilskottet INGAR. Kommunen vil tape kr. 440.000 med INGAR 1. års effekt.

Inntektsgarantitilskottet INGAR er omtala som ei overgangsordning som skal erstatte dagens overgangsordning, men utan nokon klar tidsavgrensing.

Ørskog kommune kjem i ein svært usikker og lite oversikteleg situasjon i åra framover. Kommunen blir heilt avhengig av midlar frå ei overgangsordning for å kunne oppretthalde eit minstemål av tenester til innbyggjarane. Ørskog kommune finn det uakseptabelt at det blir etablert eit nytt inntektssystem som skaper slik uvisse for framtida for Ørskog kommune og andre kommunar.

4. Sørheimutvalet foreslår at regionaltilskottet som i dag blir gjeve fullt ut til kommunar under 3000 innbyggjarar blir teke bort. Det inneber at Ørskog kommune misser ei fast inntekt på 4,9 millionar kroner (2006).

For Ørskog kommune som er i DU-sone 1 på grunn av nærleik til ein by, men som samtidig er ei kommune som har kjenneteikna ved det å vere ei distriktskommune, har regionaltilskottet vore ein viktig stabilisator i kommuneøkonomien. Regionaltilskottet har vore med å gjere det mogleg å oppretthalde folketalet - sjølv om næringsgrunnlaget gjer det nødvendig for 50 prosent av dei yrkesaktive å finne seg arbeid utanfor kommunegrensene.

Sørheimutvalet ser klart behov for å gi regionalpolitisk/distriktspolitisk støtte til kommunar som strevar med å få til positiv utvikling. Men det blir gjort ved å etablere eit nytt distriktspolitisk tilskott som definerer ut små kommunar i Sør-Norge. Og det gjeld mellom anna dei kommunane som av høgst diskutabile grunnar ein gong i "tidenes morgen" vart plassert i DU-sone 1.

Ørskog kommune misser ikkje berre den verdfulle støtta gjennom dagens regionaltilskott. Kommunen får 0 kroner gjennom forslaget til nytt distriktspolitisk tilskott.

Ørskog kommune ber om at dagens regionaltilskott til kommunar med mindre enn 3000 innbyggjarar blir oppretthalde som eit enkelt, effektivt og stabilt tilskott til små og sårbare kommunar. I tillegg bør det vere aktuelt å etablere eit distriktspolitisk tilskott som er retta mot kommunar, uansett storleik, som har ein sær sars vanskeleg situasjon med omsyn til å oppretthalde tenester og å skape ei positiv samfunnsutvikling for sitt lokalområde.

5. Ørskog kommune vurderer dagens modell for inntektsutjamning som rimeleg oversiktleg, og som bør førast vidare.

Kommunane i Norge står overfor svært forskjellige utfordringar og samtidig er føresetnadene svært ulike for å kunne levere velferdstenester som er gode nok til at ein når det nasjonale målet om å ta "heile Norge i bruk". Ein svært ulik føresetnad er skatteinntektene til kommunane, og denne føresetnaden kan forbeistrast.

Høyring. Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunene

Ørskog kommune er samd med fleirtalet i Sørheimutvalet som foreslår at den symmetriske delen av inntektsutjamninga blir auka frå 55 prosent til 60 prosent.

6. Ørskog kommune har eit klart mål om å auke næringsutviklinga i kommunen. For å nå målet må kommunen truleg inngå i eit nært og tillitsfullt interkommunalt samarbeid med dei andre små kommunane på Indre Sunnmøre. Selskapsskatten har avgrensa incitamentverdi når det gjeld å bidra til strategisk, praktisk og tillitsfullt interkommunalt samarbeid mellom fleire distriktkommunar med tanke på auka næringsutviklinga i desse kommunane.

Skatt på alminneleg inntekt og formue er truleg betre eigna for den enkelte kommune når det gjeld å legge grunnlaget for gode tenester og infrastruktur som innbyggjarane og næringslivet vil etterspørre.

Ørskog kommune sluttar seg til fleirtalet sitt syn på at ordninga med selskapsskatten blir avvika, og at den delen av skatten som selskapsskatten utgjør, blir lagt på skatten frå alminneleg inntekt og formue. Men Ørskog kommune vil også sjå det som interessant dersom det kan utviklast ein tilfredsstillande modell for selskapsskatt som kan kome ein større og klart avgrensa bu- og arbeidsmarknadsregion til del - og som blir opplevd som tilfredsstillande for kvar deltakarkommune.

7. Ørskog kommune får 3.150 millionar kroner i skjønnsmidlar frå fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2008. Av desse midlane er 3.050 million kroner kompensasjon for endringar i inntektssystemet i perioden 2000 – 2006.

For Ørskog kommune er det svært lite tilfredsstillande å konstatere at kommunen nok ein gong skal bli skadelidande ved endringar i inntektssystemet, og at kommunen også i framtida må vere avhengig av overgangsordning og/eller skjønn for å sikre tilfredsstillande velferdstenester til innbyggjarane.


Det vil til ei kvar tid vere behov for skjønnsmidlar i inntektssystemet for å kompensere for spesielle lokale forhold, ekstraordinære hendingar, utviklingsprosjekt og bistand til kommunar som kjem i ein vanskeleg økonomisk ubalanse. Ørskog kommune meiner at utvalet foreslår ein for stor reduksjon i skjønnsmidlane. Kommunen ser det som positivt at ein regional styringsinstitusjon som fylkesmannen har ansvaret for fordelinga av desse midlane.

8. Ørskog kommune er samd med utvalget i at kommunar har behov for skjerming mot reduksjonar i inntektene som følgje av kriterieendringar og at dette må fangast opp av ei overgangsordning.

Kommunen finn det heilt uholdbart å vere i ein situasjon der det blir gjort "delvise" endringar i inntektssystemet med store økonomiske konsekvensar for kommunen, og så bygge si planlegging og sine tenester på overgangsordning/inntektsgarantitilskott der ein berre kjenner innhaldet eitt år fram i tid.

Dersom kommunen ikkje får kompensert bortfallet av inntekter gjennom inntektsgarantiordninga INGAR på varig basis, vil Ørskog kommune neppe vere i stand til å oppretthalde tilfredsstillande tenester og legge til rette for positiv utvikling av infrastrukturen.

9. Ørskog kommune er i ei rolle som vertskommune. Kommunen får i 2008 om lag 9 millionar kroner som eige tilskott og tilsvarende sum gjennom inntektssystemet for å dekke kostnadene med desse tenestene. For 2009 vil summen bli redusert med meir enn 3 millionar kroner på grunn av fråfall i 2007. Oppgåvene og ressursane vil vere borte om 5 – 10 år. Kommunen vil samstundes i mange år framover ha pensjonskostnader knytt til den avvika rolla som vertskommune. Moglege AFP-pensjonskostnader må kommunen dekke fullt ut med eigne driftsmidlar. Kommunen har 19 arbeidstakarar innanfor dei nemnde tenestene som kan ta ut AFP-pensjon i år. Kommunen kjem i ein særleg vanskeleg situasjon å handtere dersom ein får dei foreslåtte endringane i inntektssystemet i tillegg til inntektsbortfallet knytt til nedbygging av vertskommunerolla og auka kostnader som følgje av mogleg stort uttak av AFP-pensjonering.



HØYRING. SØRHEIMUTVALET - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNENE

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
009/08	Ørskog formannskap	22.01.08
005/08	Ørskog kommunestyre	31.01.08

Samandrag

Saksdokument

- I Høyring. Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunene KS
- U Høyring. Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunene KS
- S Høyring. Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunene

Saksopplysningar

Kommunal- og regionaldepartementet oppnemde Sørheimutvalet hausten 2006. Utvalet har deltaking frå alle partia på Stortinget. Samandrag av rapporten følgjer saksframlegget.

Utvalet har tolka mandatet sitt slik at det skal gå gjennom delar av inntektssystemet for kommunane med tanke på å få ein mest mogleg rettferdig fordeling av ressursane mellom kommunane. Utvalet legg til grunn at utgiftsutjamninga og kostnadsnøkklane gir full utjamning av kostnadsulempar for sentrale velferdstenester. Utvalet har derfor avgrense seg til berre delar av inntektssystemet sine inntektselement, men samstundes har utvalet funne det vanskeleg å vurdere berre delar av inntektssystemet utan å kunne sjå den totale samanhengen.

Kommunal- og regionaldepartementet inviterer kommunane til høyring om desse enkeltpunkta i utvalet sin rapport:

- Skatten sin del av kommunen sine inntekter
- Nivå og utforming av inntektsutjamninga
- Selskapsskatten som kommunal skatt
- Regionaltilskott innafor inntektssystemet
- Behovet for eigne tilskott til vekst- og fråflyttingskommunar
- Storleiken på skjønnsramma innanfor inntektssystemet
- Ordninga med oppdatering av folketal i utgiftsutjamninga
- Behovet for overgangsordningar i inntektssystemet

Utvalet sine tilrådingar er særleg til gunst for kommunar i storleiken 3000 – 10000 innbyggjarar medan kommunar med mindre enn 3000 innbyggjarar kan karakteriserast som taparane. Mellom desse taparane er Ørskog kommune.

Den samla konsekvensen av Sørheim-utvalet sine tilrådingar er at Ørskog kommune vil tape om lag 7, 5 millionar kroner pr. år i inntekter dersom det ikkje blir etablert eit inntektsgarantitilskott (INGAR). Dersom inntektsgarantitilskottet blir etablert med varig effekt for Ørskog kommune, vil kommunen tape om lag kr. 440.000,- i inntekt pr. år (INGAR 1. års effekt).

Høyring. Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunene

Sørheimutvalet foreslår at regionaltilskottet, som i dag blir gjeve fullt ut til kommunar med under 3000 innbyggjarar, blir foreslått teke bort. Det inneber at Ørskog kommune blir fråteke ei stabil inntekt. Ørskog kommune fekk 4,9 millionar kroner i regionaltilskott i 2006.

Som erstatning for bortfall av regionaltilskottet blir foreslått eit nytt distriktspolitisk tilskott. Ørskog kommune får 0 kroner frå det nye distriktspolitiske tilskottet.

Det nye distriktspolitiske tilskottet skal gjevast til kommunar som fell inn under sone IV og III i det distriktspolitiske verkemiddelområdet (DU-området). Ørskog kommune er ei av seks kommunar i Møre og Romsdal som fell utanfor DU-området (Desse kommunane er i sone I).

Ørskog kommune er mellom dei kommunane som vil tape mest på utvalet sitt framlegg til endringar i dei regionalpolitiske tilskotta.

Utvalet foreslår å endre den symmetriske delen av inntektsutjamninga frå 55 prosent til 60 prosent. Med utgangspunkt i faktisk skatteinnngang frå 2006 vil Ørskog kommune tene om lag 300.000 kr. på forslaget. Tap/gevinst kan endre seg frå år til år.

Fleirtalet i utvalet foreslår å avvikle den kommunale selskapsskatten og auke kommunane sin del av skatt på alminneleg inntekt og formue. Ørskog kommune vil tene på at kommunal selskapsskatt blir avvikla. Utan å auke inntektsutjamninga vil Ørskog kommune tene om lag 200.000 kr. (2006).

Dersom ein både aukar inntektsutjamninga og tek vekk den kommunale selskapsskatten vil Ørskog kommune tene om lag 460.000 kr.

Utvalet foreslår å redusere den samla ramma til skjønnsmidlar frå 1.5 mrd. kroner til 0.5 mrd. kroner. Skjønnsmidlane blir overført til fylkesmennene som fordelar vidare på kommunar.

Utvalet foreslår å trekke ut følgjande frå skjønnsmidlane:

- regionalpolitisk begrunna skjønn
- kompensasjon for endringar i inntektssystemet i perioden 2002 –2006

Sørheim-utvalet ser at nokre kommunar kan kome svært uheldig ut med dei endringane som er nemnt ovanfor. Utvalet foreslår derfor å innføre ei ny overgangsordning med eit inntektsgarantitilskott (INGAR) som skal skjerme for drastisk nedgang i rammetilskottet frå eit år til det neste. Utvalet foreslår at grensa for avvik frå gjennomsnittleg vekst i landet blir sett til 300 kroner pr. innbyggjar. Utvalet foreslår at tilskottet blir finansiert med eit likt trekk pr. innbyggjar i alle landets kommunar. Inga kommune skal tape meir enn 300 kroner pr innbyggjar.

Sørheim-utvalet meiner at forslaget til overgangsordning med inntektsgarantitilskottet INGAR er meir fleksibel enn dagens overgangsordning, mellom anna fordi INGAR tek omsyn til relativ storleik på endringa. Dagens overgangsordning varer 5 år uavhengig av storleiken på endringa. Talet på år som ei kommune kvalifiserer til inntektsgarantitilskudd vil imidlertid vere avhengig av storleiken på endringa. Med INGAR vil små endringar kunne gjennomførast utan ei overgangsordning medan store endringar vil kunne ta mange år.

Sørheim-utvalet rår til at inntektssystemet skal ta spesielle omsyn til kommunar med sterk vekst eller sterk fråflytting. Dette forslaget vil neppe ha store konsekvensar for Ørskog kommune.

Vurdering

Dersom tilrådingane i Sørheimutvalet sin rapport blir gjennomført kan dei i beste fall skape ein svært usikker og lite forutsigbar situasjon for Ørskog kommune i åra som kjem. I verste fall må Ørskog kommune på ein dramatisk måte redusere sine tenester til innbyggjarane. Kommunen vil heller ikkje i ein verste situasjon vere i stand til å etablere infrastruktur og tenester som gjer det attraktivt for bedrifter å vere eller å kome til kommunen.

Rådmannen vurderer tilrådinga som så alvorleg for Ørskog kommune at kommunen bør ta kontakt med andre kommunar som har like utfordringar, og saman arbeide mot departement og Storting med denne saka.

Høyring. Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunene

Ørskog kommune har 88,5 millionar kroner til drift i 2008. I følgje Sørheimutvalet sin rapport vil Ørskog kommune tape om lag 7,5 millionar kroner per år utan inntektsgarantitilskottet INGAR (2006-midlar, kr. 3588 per innb.). Kommunen vil tape kr. 440.000 med INGAR 1. års effekt (kr. 210 per innb.).

Inntektsgarantitilskottet INGAR er omtala som ei overgangsordning som skal erstatte dagens overgangsordning, men utan nokon klar tidsavgrensing. Ørskog kommune kjem i ein svært usikker og uoversikteleg situasjon i åra framover, og blir heilt avhengig av midlar frå ei overgangsordning for å kunne oppretthalde eit minstemål av tenester til innbyggjarane. Det er uakseptabelt å etablere eit nytt inntektssystem som kan skape slik uvisse for framtida for Ørskog kommune og andre kommunar.

Sørheimutvalet foreslår at regionaltilskottet som i dag blir gjeve fullt ut til kommunar under 3000 innbyggjarar blir teke bort. Det inneber at Ørskog kommune misser ei fast inntekt på 4,9 millionar kroner (2006).

For Ørskog kommune som er i DU-sone 1 på grunn av nærleik til ein by, men som samtidig er ei kommune som har kjenneteikna ved det å vere ei distriktskommune, har regionaltilskottet vore ein viktig stabilisator i kommuneøkonomien. Regionaltilskottet har vore med å gjere det mogleg å oppretthalde folketalet - sjølv om næringsgrunnlaget gjer det nødvendig for 50 prosent av dei yrkesaktive å finne seg arbeid utanfor kommunegrensene.

Sørheimutvalet ser klart behov for å gi regionalpolitisk/distriktpolitisk støtte til kommunar som strevar med å få til positiv utvikling. Men det blir gjort ved å etablere eit nytt distriktpolitisk tilskott som definerer ut mange små kommunar i Sør-Norge. Ørskog kommune misser ikkje berre den verdfulle støtta gjennom dagens regionaltilskott. Kommunen får 0 kroner gjennom forslaget til nytt distriktpolitisk tilskott.

Ørskog kommune bør be om at dagens regionaltilskott til kommunar med mindre enn 3000 innbyggjarar blir oppretthalde som eit enkelt, effektivt og stabilt tilskott til små og sårbare kommunar. I tillegg bør det vere aktuelt å etablere eit distriktpolitisk tilskott som er retta mot kommunar, uansett storleik, som har ein særskild vanskeleg situasjon med omsyn til å oppretthalde tenester og å skape ei positiv samfunnsutvikling for sitt lokalområde.

Kommunane i Norge står overfor svært forskjellige utfordringar og samtidig er føresetnadene svært ulike for å kunne levere velferdstenester som er gode nok til at ein når det nasjonale målet om å ta "heile Norge i bruk". Ein svært ulik føresetnad er skatteinntektene til kommunane, og denne føresetnaden kan forbeistrast. Ørskog kommune bør slutte seg til fleirtalet i Sørheimutvalet som foreslår at den symmetriske delen av inntektsutjamninga blir auka frå 55 prosent til 60 prosent.

Det kan vere vanskeleg å ha klar halding til spørsmålet om selskapsskatten bør vere ein kommunal skatt. Selskapsskatten fordelar seg svært ulikt på landets kommunar og den kan variere svært mykje frå år til år. Dei fleste kommunar vil aktivt arbeide for å styrkje næringslivet i kommune, og det er usikkert om dette arbeidet i større grad blir påverka av selskapsskatten som kommunal skatt. Skatt på alminneleg inntekt og formue er truleg betre eigna til å legge grunnlaget for gode tenester og infrastruktur som innbyggjarane og næringslivet vil etterspørre.

Ørskog kommune har eit klart mål om å auke næringsutviklinga i kommunen. For å nå målet må kommunen truleg inngå i eit nært og tillitsfullt interkommunalt samarbeid med dei andre små kommunane på Indre Sunnmøre/Nordre Sunnmøre. Selskapsskatten i dagens form har i beste fall avgrensa incitamentverdi for å legge til rette for strategisk, praktisk og tillitsfullt interkommunalt samarbeid mellom fleire distriktskommunar for å auke næringsutviklinga i desse kommunane.

Ørskog kommune bør slutte seg til fleirtalet sitt syn på at ordninga med selskapsskatten blir avvikla, og at den delen av skatten som selskapsskatten utgjør, blir lagt på skatten frå alminneleg inntekt og formue. Men Ørskog kommune bør også sjå det som interessant dersom det kan utviklast ein tilfredsstillande modell for selskapsskatt som kan kome ein større og klart avgrensa bu- og arbeidsmarknadsregion til del - og som blir opplevd som tilfredsstillande for kvar deltakarkommune.

Ørskog kommune får 3.150 millionar kroner i skjønnsmidlar frå fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2008. Av desse midlane er 3.050 million kroner kompensasjon for endringar i inntektssystemet i perioden 2000 – 2006.

Høyring. Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunene

Rådmannen vurderer det som svært lite tilfredsstillende for Ørskog kommune å konstatere at kommunen nok ein gong skal bli skadelidande ved endringar i inntektssystemet, og at kommunen også i framtida må vere avhengig av overgangsordning og/eller skjønn for å sikre tilfredsstillande velferdstenester til innbyggjarane.

Det vil til ei kvar tid vere behov for skjønnsmidlar i inntektssystemet for å kompensere for spesielle lokale forhold, ekstraordinære hendingar, utviklingsprosjekt og bistand til kommunar som kjem i ein vanskeleg økonomisk ubalanse. Rådmannen meiner at utvalet foreslår ein for stor reduksjon i skjønnsmidlane. Ørskog kommune bør sjå det positivt at ein regional styringsinstitusjon som fylkesmannen har ansvaret for fordelinga av desse midlane.

Kommunar kan få behov for skjerming mot reduksjonar i inntektene som følgje av kriterieendringar og at dette må fangast opp av ei overgangsordning. Men det er heilt uholdbart å vere i ein situasjon der det blir gjort endringar i inntektssystemet som får dramatiske endringar for kommunen, og deretter bygge si planlegging og sine tenester på overgangsordning/inntektsgarantitilskott der ein berre kjenner innhaldet eitt år fram i tid.

Dersom kommunen ikkje får kompensert bortfallet av inntekter gjennom inntektsgarantiordninga INGAR på varig basis, vil Ørskog kommune neppe vere i stand til å oppretthalde tilfredsstillande tenester og legge til rette for positiv utvikling av infrastrukturen.

Kommunestyret er vel kjent med dei økonomiske konsekvensane av at Ørskog si rolle som vertskommune blir bygd ned. Ørskog kommune får i 2008 om lag 9 millionar kroner som eige tilskott og tilsvarende sum gjennom inntektssystemet for å dekke kostnadene med desse tenestene. For 2009 vil summen bli redusert med meir enn 3 millionar kroner på grunn av fråfall i 2007. Oppgåvene og ressursane vil vere borte om 5 – 10 år. Samstundes vil kommunen i mange år ha pensjonskostnader knytt til den avvikla vertskommunerolla. Moglege AFP-pensjonskostnader må kommunen dekke fullt ut av eigne driftsmidlar. Innanfor dei omtalte vertskommunetenestene har kommunen 19 arbeidstakarar som kan ta ut AFP-pensjon i år. Kommunen kjem i ein sær sars vanskeleg situasjon dersom ein får dei foreslåtte endringane i inntektssystemet i tillegg til inntektsbortfallet knytt til nedbygging av vertskommunerolla og auka kostnader som følgje av mogleg stort uttak av AFP-pensjonering.

Rådmannen legg saka fram med slik

Innstilling:

1. Ørskog kommune er ei lita kommune med om lag 2100 innbyggjarar. Kommunen har hatt stabilt folketal i mange år. Befolkningsprognosen fram mot år 2020 viser stabilt folketal med minimal vekst. Kommunen sitt næringsliv er prega av små bedrifter. Kommunen er den suverent største arbeidsgjeveren i kommunen. 50 prosent av alle yrkesaktive som er busette i kommunen, pendlar ut av kommunen.

Ørskog kommune er vertskommune for personar som tidlegare har vore bebuarar på institusjon for psykisk utviklingshemma. Desse bebuarane er gamle og fell frå i aukande tempo. Kommunen si rolle som vertskommune er truleg over om 5-10 år. I pakt med denne utviklinga blir kommunen sine inntekter som vertskommune kraftig trappe ned kvart år. Kommunen vil likevel ha store pensjonskostnader knytt til oppgåva som vertskommune også etter at tida som vertskommune formelt er over.

Det er 6 kommunar i Møre og Romsdal som er plassert i sone I innanfor DU-verkemiddelområdet. Det er bykommunane Molde og Ålesund og dei næraste nabokommunane til Ålesund: Giske, Sula og Skodje. I tillegg kjem Ørskog som også ligg i nærleiken av Ålesund. Ørskog kommune har altså ikkje tilgang på dei regionalpolitiske verkemidlar som mange andre kommunar kan bruke for å styrkje næringslivet i kommunen. Dette er truleg medverkande til at det er avgrensa utvikling i næringslivet i Ørskog kommune.

Dersom tilrådingane i Sørheimutvalet sin rapport blir gjennomført kan dei i beste fall skape ein svært usikker og lite forutsigbar situasjon for Ørskog kommune i åra som kjem. I verste fall må Ørskog kommune på ein dramatisk måte redusere sine tenester til

Høyring. Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunene
innbyggjarane. Kommunen vil heller ikkje i ein verste situasjon vere i stand til å etablere
infrastruktur og tenester som gjer det attraktivt for bedrifter å vere eller å kome til
kommunen.

2. Ørskog kommune er svært uroleg over at det blir lagt opp til avgrensa utgreiing av inntektssystemet som kan ha så store konsekvensar for einskild kommunar – og som faktisk er dei minste og mest sårbare kommunane.
3. Ørskog kommune har 88,5 millionar kroner til drift i 2008.

I følge Sørheimutvalet sin rapport vil Ørskog kommune tape om lag 7,5 millionar kroner per år utan inntektsgarantitilskottet INGAR. Kommunen vil tape kr. 440.000 med INGAR 1. års effekt .

Inntektsgarantitilskottet INGAR er omtala som ei overgangsordning som skal erstatte dagens overgangsordning, men utan nokon klar tidsavgrensing.

Ørskog kommune kjem i ein svært usikker og lite oversikteleg situasjon i åra framover. Kommunen blir heilt avhengig av midlar frå ei overgangsordning for å kunne oppretthalde eit minstemål av tenester til innbyggjarane. Ørskog kommune finn det uakseptabelt at det blir etablert eit nytt inntektssystem som skaper slik uvisse for framtida for Ørskog kommune og andre kommunar.

4. Sørheimutvalet foreslår at regionaltilskottet som i dag blir gjeve fullt ut til kommunar under 3000 innbyggjarar blir teke bort. Det inneber at Ørskog kommune misser ei fast inntekt på 4,9 millionar kroner (2006).

For Ørskog kommune som er i DU-sone 1 på grunn av nærleik til ein by, men som samtidig er ei kommune som har kjenneteikna ved det å vere ei distriktskommune, har regionaltilskottet vore ein viktig stabilisator i kommuneøkonomien. Regionaltilskottet har vore med å gjere det mogleg å oppretthalde folketalet - sjølv om næringsgrunnlaget gjer det nødvendig for 50 prosent av dei yrkesaktive å finne seg arbeid utanfor kommunegrensene.

Sørheimutvalet ser klart behov for å gi regionalpolitisk/distriktpolitisk støtte til kommunar som strevar med å få til positiv utvikling. Men det blir gjort ved å etablere eit nytt distriktpolitisk tilskott som definerer ut små kommunar i Sør-Norge. Og det gjeld mellom anna dei kommunane som av høgst diskutabile grunnar ein gong i "tidenes morgen" vart plassert i DU-sone 1.

Ørskog kommune misser ikkje berre den verdfulle støtta gjennom dagens regionaltilskott. Kommunen får 0 kroner gjennom forslaget til nytt distriktpolitisk tilskott.

Ørskog kommune ber om at dagens regionaltilskott til kommunar med mindre enn 3000 innbyggjarar blir oppretthalde som eit enkelt, effektivt og stabilt tilskott til små og sårbare kommunar. I tillegg bør det vere aktuelt å etablere eit distriktpolitisk tilskott som er retta mot kommunar, uansett storleik, som har ein sær sars vanskeleg situasjon med omsyn til å oppretthalde tenester og å skape ei positiv samfunnsutvikling for sitt lokalområde.

5. Ørskog kommune vurderer dagens modell for inntektsutjamning som rimeleg oversiktleg, og som bør førast vidare.

Kommunane i Norge står overfor svært forskjellige utfordringar og samtidig er føresetnadene svært ulike for å kunne levere velferdstenester som er gode nok til at ein når det nasjonale målet om å ta "heile Norge i bruk". Ein svært ulik føresetnad er skatteinntektene til kommunane, og denne føresetnaden kan forbeistrast.

Ørskog kommune er samd med fleirtalet i Sørheimutvalet som foreslår at den symmetriske delen av inntektsutjamninga blir auka frå 55 prosent til 60 prosent.

5. Ørskog kommune har eit klart mål om å auke næringsutviklinga i kommunen. For å nå målet må kommunen truleg inngå i eit nært og tillitsfullt interkommunalt samarbeid med dei andre små kommunane på Indre Sunnmøre. Selskapsskatten har avgrensa incitamentverdi når det gjeld å

Høyring. Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunene

bidra til strategisk, praktisk og tillitsfullt interkommunalt samarbeid mellom fleire distriktkommunar med tanke på auka næringsutviklinga i desse kommunane.

Skatt på alminneleg inntekt og formue er truleg betre eigna for den enkelte kommune når det gjeld å legge grunnlaget for gode tenester og infrastruktur som innbyggjarane og næringslivet vil etterspørre.

Ørskog kommune sluttar seg til fleirtalet sitt syn på at ordninga med selskapsskatten blir avvikla, og at den delen av skatten som selskapsskatten utgjør, blir lagt på skatten frå alminneleg inntekt og formue. Men Ørskog kommune vil også sjå det som interessant dersom det kan utviklast ein tilfredsstillande modell for selskapsskatt som kan kome ein større og klart avgrensa bu- og arbeidsmarknadsregion til del - og som blir opplevd som tilfredsstillande for kvar deltakarkommune.

6. Ørskog kommune får 3.150 millionar kroner i skjønnsmidlar frå fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2008. Av desse midlane er 3.050 million kroner kompensasjon for endringar i inntektssystemet i perioden 2000 – 2006.

For Ørskog kommune er det svært lite tilfredsstillande å konstatere at kommunen nok ein gong skal bli skadelidande ved endringar i inntektssystemet, og at kommunen også i framtida må vere avhengig av overgangsordning og/eller skjønn for å sikre tilfredsstillande velferdstenester til innbyggjarane.

Det vil til ei kvar tid vere behov for skjønnsmidlar i inntektssystemet for å kompensere for spesielle lokale forhold, ekstraordinære hendingar, utviklingsprosjekt og bistand til kommunar som kjem i ein vanskeleg økonomisk ubalanse. Ørskog kommune meiner at utvalet foreslår ein for stor reduksjon i skjønnsmidlane. Kommunen ser det som positivt at ein regional styringsinstitusjon som fylkesmannen har ansvaret for fordelinga av desse midlane.

7. Ørskog kommune er samd med utvalget i at kommunar har behov for skjerming mot reduksjonar i inntektene som følgje av kriterieendringar og at dette må fangast opp av ei overgangsordning.

Kommunen finn det heilt uholdbart å vere i ein situasjon der det blir gjort "delvise" endringar i inntektssystemet med store økonomiske konsekvensar for kommunen, og så bygge si planlegging og sine tenester på overgangsordning/inntektsgarantitilskott der ein berre kjenner innhaldet eitt år fram i tid.

Dersom kommunen ikkje får kompensert bortfallet av inntekter gjennom inntektsgarantiordninga INGAR på varig basis, vil Ørskog kommune neppe vere i stand til å oppretthalde tilfredsstillande tenester og legge til rette for positiv utvikling av infrastrukturen.

8. Ørskog kommune er i ei rolle som vertskommune. Kommunen får i 2008 om lag 9 millionar kroner som eige tilskott og tilsvarende sum gjennom inntektssystemet for å dekke kostnadene med desse tenestene. For 2009 vil summen bli redusert med meir enn 3 millionar kroner på grunn av fråfall i 2007. Oppgåvene og ressursane vil vere borte om 5 – 10 år. Kommunen vil samstundes i mange år framover ha pensjonskostnader knytt til den avvikla rolla som vertskommune. Moglege AFP-pensjonskostnader må kommunen dekke fullt ut med eigne driftsmidlar. Kommunen har 19 arbeidstakarar innanfor dei nemnde tenestene som kan ta ut AFP-pensjon i år. Kommunen kjem i ein særskilt vanskeleg situasjon å handtere dersom ein får dei foreslåtte endringane i inntektssystemet i tillegg til inntektsbortfallet knytt til nedbygging av vertskommunerolla og auka kostnader som følgje av mogleg stort uttak av AFP-pensjonering.

BEHANDLING I Ørskog formannskap - 22.01.2008:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK (tilråding) i Ørskog formannskap - 22.01.2008:

1. Ørskog kommune er ei lita kommune med om lag 2100 innbyggjarar. Kommunen har hatt stabilt folketal i mange år. Befolkningsprognosen fram mot år 2020 viser stabilt folketal med minimal vekst. Kommunen sitt næringsliv er prega av små bedrifter. Kommunen er den suverent største arbeidsgjeveren i kommunen. 50 prosent av alle yrkesaktive som er busette i kommunen, pendlar ut av kommunen.

Ørskog kommune er vertskommune for personar som tidlegare har vore bebuarar på institusjon for psykisk utviklingshemma. Desse bebuarane er gamle og fell frå i aukande tempo. Kommunen si rolle som vertskommune er truleg over om 5-10 år. I pakt med denne utviklinga blir kommunen sine inntekter som vertskommune kraftig trappe ned kvart år. Kommunen vil likevel ha store pensjonskostnader knytt til oppgåva som vertskommune også etter at tida som vertskommune formelt er over.

Det er 6 kommunar i Møre og Romsdal som er plassert i sone I innanfor DU-verkemiddelområdet. Det er bykommunane Molde og Ålesund og dei næraste nabokommunane til Ålesund: Giske, Sula og Skodje. I tillegg kjem Ørskog som også ligg i nærleiken av Ålesund. Ørskog kommune har altså ikkje tilgang på dei regionalpolitiske verkemidlar som mange andre kommunar kan bruke for å styrkje næringslivet i kommunen. Dette er truleg medverkande til at det er avgrensa utvikling i næringslivet i Ørskog kommune.

Dersom tilrådingane i Sørheimutvalet sin rapport blir gjennomført kan dei i beste fall skape ein svært usikker og lite forutsigbar situasjon for Ørskog kommune i åra som kjem. I verste fall må Ørskog kommune på ein dramatisk måte redusere sine tenester til innbyggjarane. Kommunen vil heller ikkje i ein verste situasjon vere i stand til å etablere infrastruktur og tenester som gjer det attraktivt for bedrifter å vere eller å kome til kommunen.

2. Ørskog kommune er svært uroleg over at det blir lagt opp til avgrensa utgreiing av inntektssystemet som kan ha så store konsekvensar for einskild kommunar – og som faktisk er dei minste og mest sårbare kommunane.
3. Ørskog kommune har 88,5 millionar kroner til drift i 2008.

I følge Sørheimutvalet sin rapport vil Ørskog kommune tape om lag 7,5 millionar kroner per år utan inntektsgarantitilskottet INGAR. Kommunen vil tape kr. 440.000 med INGAR 1. års effekt.

Inntektsgarantitilskottet INGAR er omtala som ei overgangsordning som skal erstatte dagens overgangsordning, men utan nokon klar tidsavgrensing.

Ørskog kommune kjem i ein svært usikker og lite oversikteleg situasjon i åra framover. Kommunen blir heilt avhengig av midlar frå ei overgangsordning for å kunne oppretthalde eit minstemål av tenester til innbyggjarane. Ørskog kommune finn det uakseptabelt at det blir etablert eit nytt inntektssystem som skaper slik uvisse for framtida for Ørskog kommune og andre kommunar.

4. Sørheimutvalet foreslår at regionaltilskottet som i dag blir gjeve fullt ut til kommunar under 3000 innbyggjarar blir teke bort. Det inneber at Ørskog kommune misser ei fast inntekt på 4,9 millionar kroner (2006).

For Ørskog kommune som er i DU-sone 1 på grunn av nærleik til ein by, men som samtidig er ei kommune som har kjenneteikna ved det å vere ei distriktskommune, har regionaltilskottet vore ein viktig stabilisator i kommuneøkonomien. Regionaltilskottet har vore med å gjere det mogleg å oppretthalde folketallet - sjølv om næringsgrunnlaget gjer det nødvendig for 50 prosent av dei yrkesaktive å finne seg arbeid utanfor kommunegrensene.

Sørheimutvalet ser klart behov for å gi regionalpolitisk/distriktspolitisk støtte til kommunar som strevar med å få til positiv utvikling. Men det blir gjort ved å etablere eit nytt distriktspolitisk tilskott

Høyring. Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunene

som definerer ut små kommunar i Sør-Norge. Og det gjeld mellom anna dei kommunane som av høgst diskuterte grunnar ein gong i "tidenes morgen" vart plassert i DU-sone 1.

Ørskog kommune misser ikkje berre den verdfulle støtta gjennom dagens regionaltilskott. Kommunen får 0 kroner gjennom forslaget til nytt distriktpolitisk tilskott.

Ørskog kommune ber om at dagens regionaltilskott til kommunar med mindre enn 3000 innbyggjarar blir oppretthalde som eit enkelt, effektivt og stabilt tilskott til små og sårbare kommunar. I tillegg bør det vere aktuelt å etablere eit distriktpolitisk tilskott som er retta mot kommunar, uansett storleik, som har ein særskild vanskeleg situasjon med omsyn til å oppretthalde tenester og å skape ei positiv samfunnsutvikling for sitt lokalområde.

5. Ørskog kommune vurderer dagens modell for inntektsutjamning som rimeleg oversiktleg, og som bør førast vidare.

Kommunane i Norge står overfor svært forskjellige utfordringar og samtidig er føresetnadene svært ulike for å kunne levere velferdstenester som er gode nok til at ein når det nasjonale målet om å ta "heile Norge i bruk". Ein svært ulik føresetnad er skatteinntektene til kommunane, og denne føresetnaden kan forbeistrast.

Ørskog kommune er samd med fleirtalet i Sørheimutvalet som foreslår at den symmetriske delen av inntektsutjamninga blir auka frå 55 prosent til 60 prosent.

6. Ørskog kommune har eit klart mål om å auke næringsutviklinga i kommunen. For å nå målet må kommunen truleg inngå i eit nært og tillitsfullt interkommunalt samarbeid med dei andre små kommunane på Indre Sunnmøre. Selskapsskatten har avgrensa incitamentverdi når det gjeld å bidra til strategisk, praktisk og tillitsfullt interkommunalt samarbeid mellom fleire distriktskommunar med tanke på auka næringsutviklinga i desse kommunane.

Skatt på alminneleg inntekt og formue er truleg betre eigna for den enkelte kommune når det gjeld å legge grunnlaget for gode tenester og infrastruktur som innbyggjarane og næringslivet vil etterspørre.

Ørskog kommune sluttar seg til fleirtalet sitt syn på at ordninga med selskapsskatten blir avvikla, og at den delen av skatten som selskapsskatten utgjør, blir lagt på skatten frå alminneleg inntekt og formue. Men Ørskog kommune vil også sjå det som interessant dersom det kan utviklast ein tilfredsstillande modell for selskapsskatt som kan kome ein større og klart avgrensa bu- og arbeidsmarknadsregion til del - og som blir opplevd som tilfredsstillande for kvar deltakarkommune.

7. Ørskog kommune får 3.150 millionar kroner i skjønnsmidlar frå fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2008. Av desse midlane er 3.050 million kroner kompensasjon for endringar i inntektssystemet i perioden 2000 – 2006.

For Ørskog kommune er det svært lite tilfredsstillande å konstatere at kommunen nok ein gong skal bli skadelidande ved endringar i inntektssystemet, og at kommunen også i framtida må vere avhengig av overgangsordning og/eller skjønn for å sikre tilfredsstillande velferdstenester til innbyggjarane.

Det vil til ei kvar tid vere behov for skjønnsmidlar i inntektssystemet for å kompensere for spesielle lokale forhold, ekstraordinære hendingar, utviklingsprosjekt og bistand til kommunar som kjem i ein vanskeleg økonomisk ubalanse. Ørskog kommune meiner at utvalet foreslår ein for stor reduksjon i skjønnsmidlane. Kommunen ser det som positivt at ein regional styringsinstitusjon som fylkesmannen har ansvaret for fordelinga av desse midlane.

8. Ørskog kommune er samd med utvalget i at kommunar har behov for skjerming mot reduksjonar i inntektene som følgje av kriterieendringar og at dette må fangast opp av ei overgangsordning.